



Til føresette som har elevar på ein skule i Klepp kommune

Revidert desember 2017

Orientering om bruk av læringsbrett i undervisning ved skulane i Klepp kommune

IKT betyr informasjons- og kommunikasjonsteknologi. IKT er både det fysiske utstyret m.a. PC, nettbrett og mobiltelefon, og bruk av internett og programvare.

Styringsdokumenta for skulesektoren i Klepp kommune legg vekt på at elevar skal utvikla kompetanse innan IKT som ei grunnleggjande ferdighet. Klepp kommune har valt å ta i bruk læringsbrett i undervisninga m.a. fordi denne teknologien kan leggja til rette for differensiering og ulike måtar å læra på, og fordi elevane skal lære å bruka digitale verktøy for å utvikla digital dømmekraft og sunne strategiar for nettbruk.



Kvar elev får ein FEIDE-brukar (Felles Elektronisk IDEntitet) med eige brukarnamn og passord. FEIDE sikrar også personvernet til enkelteleven som gjer det tryggare å bruke internett i skulekvardagen (<https://www.feide.no/>)

Undervisninga vil blant anna leggja vekt på nettnett, utvikling av digital dømmekraft, opphavsrett, personvern og kjeldekritikk mm, men Klepp kommune oppmodar også elevane og føresette å sjå på disse ressursane:



<https://www.datatilsynet.no/>



<http://www.dubestemmer.no/>



<https://slettmeg.no/>



<http://delrett.no/>

Eleven vil nå få tildelt ein iPad (læringsbrett) som han/ho skal bruka som sitt arbeidsverktøy i læringsarbeid sitt og i arbeid med leksene heime.

Klepp kommune vel kva appar læringsbrettet skal innehalde til ei kvar tid.

Bruken av IKT og eit eventuelt erstatningsansvar er heimla i forskrift til skulen sitt ordensreglement og skadeerstatningslova.

For å sikra at informasjon som gjeld bruk av læringsbrett i Klepp kommune er motteken, skal siste del av dette skrivet signerast og dokumentet leverast attende til kontaktlærar.





Vilkår for bruk og handtering av IKT utstyr og læringsbrett i Klepp kommune

- Læringsbrettet er Klepp kommune sin eideidom. Eleven må ta godt vare på det og behandla det på ein forsvarleg måte, på lik linje med anna materiell eleven får utdelt av skulen.
- Læringsbrettet skal alltid oppbevarast forsvarleg på veg til og frå skulen og elles når det ikkje er i bruk. Ein må sikre at læringsbrettet ikkje blir utsett for vatn og legg stabilt i sekken.
- Eleven skal sørga for at læringsbrettet er lada opp og oppdatert når dei kjem til skulen.
- Læringsbrettet og ladar skal merkast med brukarnamnet til eleven. Dette må ikkje fjernast.
- Eleven får Apple-ID frå kommunen og det er berre den som skal nyttast.
- Eleven skal ikkje lasta inn spel og appar på læringsbrettet utan avtale med skulen.
- Eleven har ikkje høve til å slette søkeloggen på nettlesaren knytt til læringsbrettet.
- Eleven skal ikkje oppbevare bilder av andre på læringsbrettet utan lov.
- Eleven pliktar å gjere så godt han/ho kan for å unngå å bringa virus eller annan øydeleggande programvare inn i kommunen sitt IKT-utstyr.
- Eleven pliktar å bruka godt nettverkt når han/ho bruker kommunen sitt IKT utstyr.
- Det er viktig å ha gode rutinar for brukarnamn og passord. Brukanamn og passord skal vere hemmelege og kun brukast av den aktuelle eleven.
- Dersom ein sluttar på skulen og/eller flyttar til ein annan kommune skal læringsbrettet og tilhøyrande utstyr leverast inn til skulen reingjort og heilt.
- Skadd læringsbrett skal leverast til skulen for reparasjon.
- All bruk av Klepp kommune sitt IKT utstyr skal vere i samsvar med norsk lov.
- Brot med norsk lov og/eller vilkår for bruk og handtering av læringbrett i Klepp kommune kan føra til sanksjonar i samsvar med skulen sitt generelle ordensreglement.
- Elevar og føresette sitt erstatningsansvar er regulert i «Lov om skadeerstatning» § 1-1 og § 1-2.

Lov om skadeerstatning (skadeerstatningslova):

§ 1-1.(barns ansvar.)

Barn og ungdom under 18 år plikter å erstatte skade som de volder forsettlig eller uaktsomt, for så vidt det finnes rimelig under hensyn til alder, utvikling, utvist adferd, økonomisk evne og forholdene ellers.

§ 1-2.(foreldres ansvar m.v.)

1. Foreldre plikter å erstatte skade voldt av barn og ungdom under 18 år, såfremt de har latt det mangle på tilbørlig tilsyn eller på annen måte ikke har gjort det som etter forholdene er rimelig å kreve av dem for å hindre skadeforvoldelse.

2. Uansett egen skyld svarer foreldre for skade voldt forsettlig eller uaktsomt av deres barn under 18 år som de bor sammen med og har omsorgen for, med inntil 5.000 kroner for hver enkelt skadevolding.



Eg har lese og aksepterer vilkår for bruk og handtering av IKT utstyr og læringsbrett i Klepp kommune.

Stad/dato: _____

Signatur elev:

Signatur føresett:

Fødselsdato elev:_____

Signer og returner dokumentet til skulen.